



SAKSBEHANDLER
Leif Anker

VÅR REF.
18/00031-2

ARK. Forvaltningsarkivet
351.1

DERES REF.
17/9839-2

INNVALGSTELEFON

DERES DATO

VÅR DATO
06.03.2018

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Tildeling - Statsbudsjettet 2018 kap 1429 post 79 - Sogn og Fjordane - Vestnorsk fjordlandskap - Verdsarv / Verdsarvområde - Tildeling av tilskot til verdsarven

Me visar til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 12.1.2018 og søknad om tilskot for 2018 på kr. 2 646 800 frå statsbudsjettet Klima- og miljødepartementet kap. 1429 post 79 Tilskot til verdsarven.

Tildeling og tilsegn

Riksantikvaren har fatta slikt vedtak:

Vedtak 1 om tildeling

Riksantikvaren gjev med kr 2 000 000,- til Sogn og Fjordane fylkeskommune frå post 79 tilskot til verdsarven.

På bakgrunn av søknaden og har Riksantikvaren fatta slikt vedtak om fullmakt for tilsegn for midlar i 2019:

Vedtak 2 om fullmakt til tilsegn

Riksantikvaren gjev med dette fullmakt til Sogn og Fjordane fylkeskommune for tilsegnsmidlar for 2019 på kr 500 000,- frå post 79 tilskot til verdsarven.

Bruk og forvaltning av tilskotsmidlane skal fylgje «Reglement for økonomistyring i staten» og vilkår nærmare skildra i dette brevets vedlegg 1 «Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79».

Aksept av tildelinga

Riksantikvaren synar til forvaltningslovas § 28 kor det gjeng fram at vedtaket er automatisk akseptert dersom ikkje mottakar klagar på det innan 3 veker.

Grunngjeving for vedtaket

Hovudføremålet for kulturminneforvaltinga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø.

Ein skal og taka vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Midlane under post 79 er knytte til nasjonalt mål om at områda på Unescos verdsarvliste skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinene for oppfølginga av konvensjonen. Vestnorsk fjordlandskap er innskriven som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ei vesentleg tilleggssverdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fylgjer av statusen som verdsarv.

Me viser også til KLDs tildelingsbrev til Riksantikvaren 2018, lenke for nedlasting ligger på <http://www.riksantikvaren.no/Aktuelt>.

I fordelinga midlar til verdsarvstadene har Riksantikvaren vurdert søknadane etter kriteria for tilskot frå post 79 samt rapporteringa for 2017. Hovudkriteriet for tildeling er restansar i tilskotsmidlar og ferdig utførte tiltak. Dei tildelte tilskotsmidlane må sjåast i samanheng med dette.

Oppmoding om utbetaling

Oppmoding om utbetaling skal ha ei kort forklaring på prioriteringar/ gjere greie for planlagt bruk av midlane.

Utbetalingsbrev

I brevet om utbetaling frå Riksantikvaren blir planane til tilskotsmottakar tekne til etterretning og mogelege kommentarar lagt inn saman med utbetalinga av det tildelte beløpet.

Søknad og rapportering

I samanheng med vøling av bygningar og anlegg skal mykje av rapporteringa til Riksantikvaren gå gjennom Askeladden, som til dømes oppdatering av tilstandsgrad, handsaming av søknadar og tilskot frå og til eigarar, handsaming av søknader frå fylka og innlegging av tildelinga frå Riksantikvaren.

Søknad om tildeling frå post 79 og rapportering frå føregåande år må sendast i skriftleg form. Hovudpunkta for søknad:

- Økonomi
- Kritiske faktorar
- Organisering av forvaltningsarbeidet
- Oppnåing av mål

Med bakgrunn i merknader frå Riksrevisjonen på andre tilskotspostar samt erfaring frå tilsyn i fleire fylkeskommunar, vil Riksantikvaren leggje større vekt på rapporteringa frå mottakarar av tilskot frå post 79. Vi vil difor be om fylgjande rapportering for 2018:

- Tal på bygningar og anlegg med både påbyrja og ferdigstilla tiltak
- Tal på påbyrja og ferdigstilla tiltak i kulturlandskap og kulturmiljø, her også medrekna løypande skjøtsels- og vedlikehaldstiltak

- Tal på og kva bygningar og anlegg (m/ Askeladden ID) der tilskotet er større enn 50 -70 % av tiltakets antikvariske meirkostnad
- Rapport for verksemda i 2018 med status planarbeid (forvaltingsplanar/skjøtselsplanar/ buffersoner o.a.), utstillingar og anna formidling
- Midlar som står på øyremerket konto pr. 31.12.2018

Manglande eller mangelfull rapportering for 2018 vil bli sterkare lagt vekt på enn føregåande år ved Riksantikvaren sin fordeling av tilskotsmidlar til verdsarvstadene i 2019.

Bevaringsprogrammet for verdsarven er ei stor satsing for kulturminneforvaltinga. Riksantikvaren ynskjer å betra rapporteringa si til KLD. Vi ynskjer difor skriftlege rapporter som er egna til formidling frå konkrete prosjekt for istandsetting og tiltak i verdsarvområda. Vi ber om at alle verdsarvstadane sender oss ein eller fleire slike rapporter frå nyleg avslutta prosjekt i løpet av dette året.

Disposisjon for søknad og rapportering er lagt ved dette brevet.

Kriteria for tilskot post 79

Målet for ordninga er å forvalte verdsarvområda tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinene frå UNESCO.

Tildelingskriteria for post 79 gjeng fram av Rundskriv T-1/17 («Tilskotsrundskrivet») frå KLD. Det er vesentleg at fylkeskommunen gjer ei sjølvstendig vurdering av om søkjar fell inn under ordninga.

Ved tilskot til istandsetting av bygningar og anlegg ber vi om at objektet blir tilstandsregistrert før tiltaket settast i gang og at registreringa blir oppdatert etter ferdig arbeid. Oppdatering kan f.eks. bli gjort som ein del av eller saman med sluttrapporten etter tiltaket.

Eigenandel og tilskot

Rundskriv T-1/17 omtalar m.a. krav til innhald i søknad om tilskot. Under punkt om finansiering skal bl.a. eigenandel/eigeninnsats gå fram. Riksantikvaren ser det som ein hovudregel at tilskotet ikkje skal være meir enn 50-70 % av kostnadene. Unntak frå dette må vurderast i lys av kulturminnets verdi, nytte av bygningen for eiger og om det føreligg urimeleg stort ansvar for vedlikehald. Dette må vurderast og dokumenterast i den einskilde saka.

Val av utførande handverkarar ved istandsetting av bygningar og anlegg

Utførande firma skal gje opp formell kompetanse og referanseprosjekt med kontaktinformasjon. Handverkarane skal ha fagskolepoeng eller studiepoeng innan praktisk bygningsvern eller kunne dokumentere tilsvarande realkompetanse. Generelt skal krav verte stilt til at handverkarane har delteke i minst tre prosjekt tidlegare med tilsvarande arbeidsoppgåver. Fylkeskommunen kan tillempe krava for dei einskilde tiltaka i lys av den faktiske situasjonen og karakteren til arbeidet. Læringar eller andre under kompetanseoppbygging skal fylgjes opp kontinuerleg under arbeidet. Sentrale

fagpersonar og byggeplassleiar i utførande firma må meistre norsk for å kunne diskutere kvaliteten ved utføringa.

Om Askeladden

For dei som rapporterer i Askeladden: I løpet av våren vil tiltak for utbetring komme inn i skjemaet for tilstandsregistrering. Før eit nytt elektronisk søknadssystem er på plass, vil tilgang til tilskotsmodulen i Askeladden være:

<https://askeladden.ra.no/AskeladdenTilskudd/Pages/LoginPage.aspx?ReturnUrl=%2fAskeladdenTilskudd%2fStandard.aspx>

Fristar for informasjonsutveksling i Askeladden og i skriftleg form:

Informasjonsflyt mellom tilskotsmottakarar og Riksantikvaren	Ansvar	Frist	
Frist for oppdatering av tilstandsgrad for nye objekt utan tilstandsgrad og objekt som er satt i stand. (Bygningar og anlegg)	FK	31.12.2018	Askeladden
Frist for innlegging av søknadar. (Bygningar og anlegg)	FK	15.01.2018	Askeladden
Skriftleg og økonomisk rapportering tildelte middel, inkl. midlar til overføring og renter	FK	15.01.2018	Brev
Tilskotsbrev, tilsagn for 2019 og utbetaling av tilsagn for 2018	RA	15.02.2018	Brev
Godkjenne søknader i Askeladden (bygningar og anlegg)	RA	15.02.2018	Askeladden
Oppmoding om utbetaling og plan/fylkets prioritering for bruk av midlane samt plan med måltal for oppdaterte tilstandsregistreringar i 2018	FK	01.04.2018	Brev
Utbetaling av årets tilskot	RA	01.04.2018	Brev

Beste helsing

Hilde Løveid Varvin (e.f.)
seksjonssjef

Leif Anker
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift

Vedlegg: «Retningslinjer og vilkår for tilskudd fra statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79

Kontering - Regionalforvaltningen

(til internt bruk for Riksantikvaren)

Utbetaling - Tilsagnsfullmakten fra 2017 (utbetaling av forhåndstilsagn gitt i 2017)

Beløp:	Mottakers kontonummer	Konto:	Koststed:	Tilsagnsnummer:
Merknad: Kap/post 142979				

Tildeling - Nye tilskuddsmidler for 2018

Konto: 8719	Koststed: 52	Tilskuddsnummer: 180414073	Beløp 1 700 000
Merknad: Kap/post 142979			
Konto:	Koststed:	Tilsagnsnummer:	Beløp
Merknad:			

Tildeling – neste år - Tilsagnsfullmakt for 2019 (forhåndstilsagn)

Konto: 8719	Koststed: 52	Tilsagnsnummer: 190414073	Beløp 500 000
Merknad: Kap/post 142979			